



Eivind Haga
Nattlandsfjellet 92G
5098 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1039 - 22/24255

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
06.10.2022

Ferdigattest tilkopling kommunalt vatn- gbnr 118/32 Hjellvik

Administrativt vedtak. Saknr: 286/22

Tiltakshavar: Eivind Haga
Ansvarleg søkjar: Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS
Tiltak: Søknad om løyve til tiltak - tilkobling til kommunal vassleidning, dispensasjon
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tiltak på gnr. 118 bnr. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.04.2022 saknr.104/22. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Skildring

| | |
|-----------------|---|
| Adresse: | Gnr. 118 bnr. 32. |
| Bygningstiltak: | Søknad om løyve til tiltak - tilkobling til kommunal vassleidning, dispensasjon |
| Bygningsnummer: | |

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1039.

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|--|-------------------------|------|---------|
| Eivind Haga | Nattlandsfjellet 92G | 5098 | BERGEN |
| Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS | Fotlandsvegen 39 | 5282 | LONEVÅG |